

Flytta inn for tre år sidan.

Prosessar i kommunen ikkje gode nok dersom kommunen ikkje har eit ledd mellom rektor og byggeprosjektleiari.

I starten : Arbeidsgruppe med foreldrerepresentantar, lærarar, reinhaldarar o.a. til det var bestemt kva slags skule ein ønska seg. Så overtok rektor. Rektor trekte inn gruppa når det var behov for det. Informerte godt undervegs.

Tok aller først for seg alle politikarane – ein for ein – og fortalte/forklarte kva skule er. Fagerlund er fleire skular slått saman til ein.

Heilt nødvendig og avgjerande for eit bra sluttresultat at det er vedvarande og hyppig kontakt mellom byggjeprojektleiari og rektor. Leigde inn arkitekt på forprosjektet. Rektor reiste rundt med arkitekten (Helge Haugan) og hadde hyppige møte. Arkitekten fekk også arbeidet med å teikne skulen.

Fagerlund: Rektor med på ALLE byggjemøte.

Avgjerande for resultatet: Stille dei rette spørsmåla til rett tid.

Det har noko å gjera med det å bry seg. Vite kva ein vil. Stå på for det. Ikkje gje seg. Heller fire på detaljar som ikkje er like viktige. ”Velja sine kampar med omhug” når det gjeld å endre på eller få inn nye element i entreprisa.

Brukte mykje energi på den fysiske utforminga og rasjonalisering av arealet.

Korleis få mest mogleg att for pengane?

Rektor brukte to år saman med arkitekt (på Lillehammer).

Reiste mykje rundt både i inn- og utland - mest åleine.

Lærte mykje av det. Veldig bevisst på ikkje å kaste bort areal til gangar.

Såg på golv. Såg på tak. Lydisolering. Fleksibilitet i fokus.

Jobb døgnet rundt i 3-4 år.

Forlangte prøver på absolutt ALT som skulle opp og inn. Fekk mellom anna måla opp alle fargeprøver.

Berre ein leverandør av inventar – rasjonelt i forhold til reklamasjon og ev. seinare utskifting.

Fagerlund skole om lag 5.000 m² innvendig. Tre parallelle bygningskroppar.

I tillegg kjem svalgangane (kalde gangar) utvendig for å spare areal innvendig. (Nes barneskole har alt gangareal innvendig.)

All undervisning i 2.etasje.

Fellesrom/-areal, spesialrom, personalrom, arbeidsrom for lærarane, administrasjon og den delen som kan leigast bort i 1.etasje.

Biblioteket kunne vore plassert meir midt i, men det fungerer. Dessutan er store delar av biblioteket ”desentralisert” til basane.

Valde å ha arbeidsplassane til lærarane knytta til administrasjonen og personalrommet og ikkje til trinnareala for å byggje opp under fellesskapet. Nøgd med det. (Nes har lagt lærararbeidsplassane til trinnbasane.)

3 bygningar – rasjonelt. parar gangareal. Overbygde tilkomstar mellom bygga – kan gå ”tørrskodd”/med innesko mellom bygga – har fleire funksjonar; bl.a. ly mot regn og snø. Baktrapper i kvart bygg og ei bakgate knyttar bygga saman innvendig. Til bruk for personalet og for elevar ved mjølkeheiting o.a. Elles brukar elevane dei utvendige trappene/svalgangane. Varelevering i eigen inngang – inn til gangen ved skulekjøkkenet inntil garderobe/kantine. Mjølkerommet også der. Vaskemaskin i tilknytning til heimkunnskapsrom. Veldig føremålstenleg. Vaskesentral i 1.etasje. Bøttekott i kvart bygg i 2.etasje. Også direkte utgangdør for varelevering i lageret til sløydavdelinga/kunst og handverk. Stort materiallager som også kan brukast il annan aktivitet, t.d.måling.

Plass til 580 elevar.

Det er 470 i dag.

Opplevest romsleg. (Nes barnskole verkar trongare.)

Ønska seg mange store rom. Store rom kan bli små. Det er vanskelegare å få små rom store.

Alle trinn er bygd opp likt.

Kvar base har plass til 84-85 elevar.

To klasserom til kvar base.

Har gammaldags kateter. Alle elevar skal sjå læraren. Elevane går til læraren. Læraren går ikkje rundt heile tida.

Stort allrom/fellesareal.

Eitt grupperom for 1- og 2.klasse. To grupperom for 3.-7.klasse.

Ønska seg gammaldagse klasserom. Klasserom 4m² per elev.

To toalett.

Kjøkkenbenk med oppvaskbenk, komfyr, kjøleskåp, fryseboks og oppvaskmaskin i allrommet.

Datakrok med 8 maskiner i allrommet.

I tillegg – i storskulen – skåp med berbare maskiner.

Det er faldeveggar mellom klasseromma slik at dei kan slåast saman.

Lause skjernbrett eller ”veggar” til å laga krokar medi allrommet.

Fleksible bord som fungerer åleine eller saman på ulike måtar i allrommet.

Sofagrupper i allrommet.

Kunne ønska seg fleir grupperom – til elevsamtaler, spesialundervisning og til minoritetsspråklege. Behovet aukar fort i kommunen.

Romsleg lager/materiellrom til kvar trinnbase. Har ikkje høve til å ta med seg materiell til neste trinn. Byggjer opp nye ”samlingar” – kjøper eller lagar nytt.

Garderoben til 1.klasse kunne vore større. Elevane på dei små trinna har så mykje sko, klede og utstyr. Garderobane ein del av basen og med eiga dør ut. Alle elevar har eige skåp. Ikkje låst.

1. og 2.klasse har størst allrom/fellesareal.

Eigen SFO – men sambruk med 1.klasse. SFO-leiar har eige kontor med møtebord. Eige lager. Romsleg. Heis opp i tilknytning til SFO.

120 barn.

1.trinn er ikkje der, men kan bruke det.

På same vis kan SFO bruke fellesarealet til 1.trinn, men ikkje klasseromma.

Spylarom med sluk og med dør rett ut til leikeklassen/amfitrappa. Kan spyle ungar, leiker, matter. 1. og 2.klasse kan også bruke dette.

Storskulen held til i eigen bygningskropp.

Har høgbord i allrommet.

Smartboard.

Elles same bord og stolar som småskulen.

Taket dempar støy.

Temperaturen bør vera sentralstyrt. Mest økonomisk, og elevane blir ikkje freista il "å tukle".

Elevane "flyttar" kvart år. Lærarane flyttar kvart år. Dermed blir også skulen rydda.

Sanserom (inspirasjon frå Åkershagan) med stellerom.

Søkte om psykiatrimidlar til sanserommet – og fekk det.

Psykiatrimidlane bør også inn i skulen.

94 mill. kroner i 2005/2006.

13.-14.000 kr/m² = heldige med tidspunktet.

Totalentreprise – alt i forkant m.forprosjekt; men fekk tilmykje undervegs – med på alle byggjemøte.

Ønska seg eit inngangsparti som syntest og som var hyggeleg å koma inn i og som besøkande kjenner seg velkomne i. Viktig å vera tidleg ute slik at dette kan inngå i byggkroppen.

Utsmykninga er lagt til inngangspartiet.

Lite på veggane elles.

I elev-areala er det elevarbeid som dekorerer veggane.

Amfi utandørs rett overfor inngangspartiet. Amfiet inngår også i leikeklassen og blir mykje brukt.

Glasvegg inn til stort rom som kan delast i to med forheng og med tilstøytande "scenegarderobe" som igjen heng saman med heimkunnskapsrom (plass til 16 elevar-deler klassane) og kantine. Dette kan leigast ut og blir mykje brukt. Glasveggen kan opnast ut mot amfiet.

Det store rommet har vegg som kan opnast mot kantina. Kantina er ikkje open til dagleg, men til å bruke. Utleige. Store møte. Alle arrangement. Open ein dag i veka for storskulen.

Er fullbooka mange år framover når det gjeld konfirmasjon. Blir også brukt til barnedåp o.a.

Amfiet, det store rommet og kantina kan altså opnast slik at det fungerer saman som ein heilskap. I amfiet er det lagt opp kontaker og annan installasjon som gjer at det kan brukast lyd- og lysutstyr der.

Det store rommet blir brukt til morgonsamlingar.

Har scene-element, men det er litt lågt under taket til at dette fungerer heilt bra.

Den tilstøytande scenegarderoba har god lagerplass til kostymer og utstyr.

Noko av det viktigaste er å få på plass reolar med ein gong/veldig tidleg.

Rektor og inspektør sette eigenhendig alt på plass. Då visste dei kvar alt var.

Praksis vidare: Rydding i fellestida..

Møbleringa på skulen er slik at alt harmonerer/går saman estetisk sett. Dermed spalar det ingen rolle kvar møblar blir brukte. Dei passar inn.

Brukte mykje tid på dette.

Blandar ikkje gammalt og nytt. Ventar til det blir mogleg å skifte alt i same klasserommet.

Ved at alt høyrer saman, bli dette enklare.

Dersom for mange skal vera med å bestemme, mistar ein denne heilskapen. På Fagerlund var det rektor og ein person til som tok jobben, informerte ogf bestemte. Viktig at dei som gjer dette har peiling, er interesserte og viljuge til å engasjere seg og bruke TID.

Møbelbudsjett: 2,5 mill kroner.

Har brukt 7 mill kroner.

Resten er teke av eige budsjett over desse tre åra.

1.500 kr/ kr/m² til møblering.

Ein leverandør på alt. Rasjonelt i forhold til slitasje og gjenskaffing.

Alle møblar har hjul. Lette å flytte. Flytting går stille.

Tre nyansar av grått går att over alt.

Møblar og gardiner innslag av orange, lime og svart. Nokre få raude punkt.

Fjernlager inn i bakken 30-35m² fekk til undervegs.

To ballbingar som ein ser inn i (netting, ikkje vegg). Bråkar ikkje. Tenkte på naboane. Den eine med kunstgras. (Tippemidlar.) Lyset står på til kl.21.00.

Fekk ikkje pengar til leikeapparat. I tilfelle måtte det ha vore med i byggjebudsjettet. Treng 7-800.000 kroner.

La leverandøren stå for montering og oppsetjing. Då blir det gjort etter forskriftene og kan reklamerast på. Ev. erstatningsansvar.

Forskarrommet blir for tida brukt slik: Ein lærar og ein assistent (mann-god i sløyd), fast og på full tid. Handplukka og med interesse for denne jobben.

Det skal vera RO i klasserommet. Elevar som har vanskeleg for å konsentrere seg, blir henta hit. Plasserer ikkje dei urolege elevane i allrommet eller på grupperom. 8 stk i gongen går bra. Dei arbeider med det dei skulle gjort i klasserommet. Det finst også eigne opplegg for alle trinn.

Lesing – arbeider etter New Zealand-modellen. Bibliotekar som også er lærar. Elevane blir viste til bøker etter nivå når dei fortell bibliotekaren kva for nivå dei er på. I tilknytning til biblioteket kunne det godt ha vore eit rom til studiarbeid.

Lærarane på kvar trinn har felles arbeidsrom med møtebord. Glasvegg mot gang.

I gangen også stort møterom mellom arbeidsromma. Lagar reglar sjølve.

Vaktmeister har eige kontor saman med rektor, assisterande rektor.

Besøkjande kjem først til ekspedisjonen.

Den eine sekretæren har alt arbeidet med økonomi, men rektor tilviser, følgjer med og er orientert heile vegen.

Får ramme per elev + topp for spes.undervisn. etter dokumenterte behov.

Personalrommet skal vera papirfritt.

Stort kopirom. To kopimaskiner til lærarene.
Ein til rektor og ein hjå SFO.

Stort møterom knytta til administrasjonen. Bord med databrønner.

Kunne tenkt seg innandørs auditorium og fleire grupperom.
Er veldig tilfreds med dei utvendige gangane/trappene.

Ein del lærarar synest dei manglar eige rom til musikk.
Biblioteket burde vore litt meir i midten, men har desentralisert ein del av bøkene.
Storskulen ligg nær biblioteket, så det ”går bra”.

Elektrisk oppvarming.

Utvendig : Sibirsk lerk og stålkarmar. Dette er vedlikehaldsfritt. Sparar på drift. Reknar 40 års avskrivning på dette.
Dobbel gips ytterst innvendig.

Arkitektfirmaet : Atelier 4.

Idrettshall

23 mill for hall ved sida. Elevane kan gå dit under overbygg.

Kommunen eig halla.

Skulen har full disposisjonsrett heile dagen. Kan også disponere halla om ettermiddagen til større arrangement.

Halla kan delast i tre.

**NES BARNESKOLE,
Tingnesvegen 51, 2353 Stavsjø
Ringsaker kommune**

Skulen opna hausten 2008.

300 elevar

Nes barneskule = 4 samanslåtte skular + ein som var nedlagt.

”Leverte” elevar til same ungdomsskulen.

Nes barneskule bygd like i nærleiken av ungdomsskulen.

Ny idrettshall er i ferd med å bli bygd 100-150 m unna. Kan delast i tre. Kan brukast av skulen på dagtid.

Ny barnehage blir også bygd i nærleiken.

2 heile administrative stillingar

1,7 merkantile stillingar, men skal ned til 1

10 barnerettleiarar (assistentar)

? årverk pedagogar

Ringsaker 28 barneskular fram til 2003.

7 skular i ein radius på 7 km

Ressursar til vedlikehald alltid < salderingspost. Sleppte vedlikehaldet for langt ned. Mange bygg frå 1930-talet.

Kronglete veg fram til vedtak om bygging.

2005

11.000 kr/m² for ombygg

15.000 kr/m² for nybygg

Eksisterande bygg eigna seg dårleg for ombygg.

Hadde 20 mill. kroner , skrapa litt herifrå og derifrå og disponerte etter kvart opp mot 50 mill kroner. ”Lag skule for dette.”

Oppdrag: Lag romprogram.

Mange prosjektmøte.

Mange avgjerder måtte takast veldig fort.

Entreprenør Syljeåsen (?) – veldig fleksibel i forhold til endringar så lenge det ikkje kom i konflikt med kanalar og lignende

Eitt anbod – 76 mill for heile anlegget.

54 mill for bygget.

Opparbeiding av uteområdet i tillegg. Har teikna sørvisavtale med anleggsgartnar for tre år framover. Nødvendig til beplantningane får stabilisert seg.

3,2 mill for istandsetjing av uteområdet inklusiv monterte leikeapparat.

Leikeapparat for 1 mill kroner.

Vanlegvis berre vanleg istandsetjing av uteområdet. På Nes barneskole er dette eitt heilt anlegg i seg sjølv.

1.etasje: 3.500 m²

2.etasje noko mindre (administrasjon, personalrom.....

2006/2007

20.000 kr/m²

Kroppsøvingshall i tillegg.

Prosjektgruppe med foreldre, tilsette, tillitsvalde, verneombod + reinhald, mat og kultur, rådmann "inne" etter behov.

Resultatet kunne vorte betre viss ein på førehand kunne ha presentert "slik vil vi ha skulen" og lyst ut dette i anbodet.

Etter vedtaket om bygging: Selja den gode ideen. Reiste rundt for å fortelja om planar og byggingprosess. Info til alle lag og organisasjonar.

Reiste rundt på dei fire skulane og viste elevane korleis den nye skulen skulle bli. Dei fire elevråda fekk koma med innspel om kva dei ville ha på uteområdet.

Engasjerte landskapsarkitekt til å arbeide ut plan for uteområdet.

Asfaltert oval rundt bygningskroppen.

Møblering

Sette av ein sum: 3,4 mill kroner

Har brukt 7 mill kroner av midlar frå overskot ar for år.

Har bevisst prøvd å satse på overskot på drift år for år. Får overfør dersom kommunen samla går med overskot. Hadde 1,6 mill. kroner "på bok".

1,5 % av byggjesummen til utsmykking.

D.v.s. over 1 mill kroner til kunst.

Politisk oppnemnt utval = byggjenemnd.

Ønska integrert kunst? Kunstutvalet må i gang TIDLEG.

Aluminium rundt vindaug.

Automatisk solskjerming som kan overstyrast. Utvendige persienner.

Ventilasjonsanlegg har system som kan styre effekten på ulike nivå i ulike rom etter kvar det er mest folk. Inn i kravspesifikasjonane.

Økonomisk.

Automatisk brannvarsling direkte til 110.

Talesignal, ikkje ringjealarm.

Trådløst nettverk, men også fast opplegg med tanke på å kunne bytte om dersom det viser seg at det trådløse er helseskadeleg.

Det same med telefoni.

Kompakt skule med gangareal midt i. (Gang kostar like mykje per m² som klasserom o.a.)

Kvart årstrinn sin eigen inngang, garderobe og toalett.

Veldig romslege og lyse garderobar (panel).

Allrom 90 m².
To klasserom m. faldevegg mellom = 60 m²
Alle trinn like stort areal.

Lærarane har arbeidsrom i tilknytning til trinnet. Dei har og eit lite møterom.
Pauserom i 2.etasje.
Lærarane er nøgde.

Inngangspartiet

Inngangspartiet er hjarta i bygget med musikkrom som også kan vera oppbygd scene.
Skulebibliotek.
Kantine med kjøkken som også er heimkunnskapsrom.
Amfi.
Storskjerm med internett, prosjektor og TV.
Lager under amfiet.
Kan leigast ut. Blir brukt av bygda.

Har også brukt sibirsk lerk.
Har brystning (plater på nederste del av veggen). Denne kan skiftast når har blitt slitt.

Kva kunne vore gjort betre:

Starten.
Integrert kunst – tidleg på banen.
Burde vore tenkt på større fleksibilitet i forhold til elevtalsvingningar (Har i dag trinn med 1 klasse og trinn med nesten 3 klassar; - og alle basar er like store.)
Lærarane burde hatt garderobe i tilknytning til arbeidsplassane/arbeidsromma sine. No er garderobane (store garderobar) i 2.høgda – og dei er nesten ikkje i bruk.
Planlegge kjøkken/kantine tidleg (kjøkken opplevd som trangt)

LURT

Har fått ein kompakt skule.
Kvart trinn sitt inngangsparti. Opplevd som trygt.
Fleksibilitet innanfor trinna.
Lærarane tilfredse med arbeidsplassane og eige møterom.
Sambruk av inngangsparti, bibliotek, amfi, scene/musikkrom og kjøkken/kantine.
Fokus på UTEOMRÅDET som læringsarena. Skal vera tilpassa både elevar og vaksne. 20-25 mål. Går rundt heile skulen. Tilgang på aktivitetar og aktivitetsmoglegheiter varierer i samsvar med klassetrinnet som har utgangen sin mot det aktuelle området. Likevel har alle tilgang til heile området.

**LESTERUD SKOLE,
Grorudenga 1, 1350 Lommedalen
Bærum kommune**

Er veldig nøgd med skulen – slik skulen ser ut og slik skulen fungerer.
Lesterud er Bærum's finaste skule. Var flaggskipet i Bærum kommune.

Det er arkitektfirmaet Lille Frøen som har teikna skulen. Skulen er "frigjort" mot sør og vest slik at skulebygget vernar skuleområdet mot nordavind og veldig mange får glede av utsikta og sollyset. Bygd 1990 for 1.-7.klasse, og det er rekna 84 elevar på kvart trinn (- etter dei klassesdelingstala som galdt då – 28 x 3). Det vil seie at skulen er bygd for 588 elevar. No 320. På det meste hadde skulen over 700 elevar. Måtte då "låne" rom andre stader. Då var det 60-70 tilsette. Elevtalet går ned. No er skulen ein to-parallell-skule.

Det er brukt slitesterke materialar: Glas, tre og fliser. Dette kostar meir i utgangspunktet, men erfaringane viser at dette snøgt blir henta inn att ved at vedlikehaldet blir mindre. Parkett på sløyd-, tekstil- og musikkrommet. Ikkje på kjøkkenet. Vinyl på personalrommet. Fliser i gangane. Har vore strenge på fargeval. Gjennomgåande fargar. Fargekodar på dørene.

Lesterud skole leiger skulebygningane av Bærum kommune (kommunalt føretak) som også har vaktmeister. Har hatt åtte vaktmeistrar på fem år. Bk leiger reinhaldstenester frå private firma. Anbod. Skulen er ikkje involvert. Sulen er ikkje særleg nøgde med desse ordningane.

Skulen stengjer kl.17.00 og blir mykje leigd ut på ettermiddags-/ kveldstid. Skulen administrerer utleiga. Tilsynsvakt blir løna over skulebudsjettet og har tilhald under trappa ved hovudinngangen. Burde vore meir synleg og hatt glasveggar i kontoret sitt.

Skulen er veldig fleksibel slik han er løyst bygningsmessig. Skuleområdet kan minne om eit gardstun med driftsbygning og andre, mindre hus.

Reinhaldarane er "så passe" nøgde. Mykje ut og inn og frakting av utstyr.

For lærarane er dette eit "ikkje-problem".

Godt å ha stort utomhusområde, men av og til er det mykje å brøyte/maka og strøye.

Eit stort administrasjonsbygg med lærararbeidsplassar, personalrom med stor terrasse/veranda, spesialrom og storhall.

Skulen manglar naturfagrom og skulle ønska seg det. Kunne kanskje tenkt naturfagrom i tilknytning til heimkunnskapsrom.

Heimkunnskapsrommet har kjøkkenkrok i kvart hjørne og demonstrasjonkjøkken på eine langveggen. Gjev god oversikt og god romkjensle. Stort, godt lager.

Musikkrommet blir også brukt av kulturskulen og eller leigt ut til lag og organisasjonar. Har fire lagerrom. Det trengst.

Skulen har eige datarom inntil biblioteket og eige rom for elevrådet.

Biblioteket har inngang frå "hovudgata". Bibliotekaren har 25 t/v, følgjer skulen sine feriar og tek seg i tillegg av leksehjelp for 45-50 barn. Barn utan pc heime får høve til å gjera dataleksene sine her.

Administrasjonen held til i 1.etasje like ved hovudinngangen.

Ekspedisjon med to kontorplassar, kontor for rektor og to inspektørar og for vaktmeister og dagleg leiar i SFO. I tilknytning til administrasjonen er det også eit kvilerom for elevar som blir dårlege på skulen. Er i bruk dagleg.

Skulen har eiga "helseavdeling" i 1.etasje i administrasjonsbygget med kontor for helsesøster, lege, logoped og PPT.

Rom for spesialundervisning er også lagt inntil. Blir blant anna også brukt til lesekurs ein time per dag i seks veker (=30 timar). Fast logoped ein dag kvar 14.dag.

"Helseavdelinga" er bygd inn mellom administrasjonsdelen og storhalla og har har eigen inngang, men er også tilgjengeleg frå administrasjonen.

Personalrom og lærararbeidsrom ligg i 2.etasje over administrasjonen. Stort lager før døra til personalrommet med gjennomgang til bibliotek og datarom. Arbeidsplassane er plasserte i eitt stort rom.

Råd: Laga mindre einingar. Ikkje fleire team i same rom. Betre med team-arbeidsrom med inkludert møterom for teamet. Mest føremålstenleg å ha arbeidsromma i tilknytning til personalrommet og ikkje ute i paviljongane.

Klasseromma er plasserte i fire mindre bygg/paviljongar som er plasserte kvar for seg. Ein paviljong har ein etasje. Dei andre tre har to etasjar. Ein etasje per klassetrinn. Terrenget hallar, og dette er utnytta i etasjedeling slik at bygga verkar låge.

Paviljongane kan omdisponerast etter svingningane i elevtalet.

Tilkomst og tilrettelegging elles gjer at dei kan "skiljast frå" slik at trafikk til og frå i minst mogleg grad sjenerer skuledrifta.

Delar av paviljongane har vore brukt som kyrkje, er no i bruk som barnehage og er i framtida tenkt omdisponert til eldresenter dersom det er nødvendig.

Det er tre klasserom i kvar paviljong-etasje, eitt grupperom og eitt allrom. Dørene og veggane er fleksible og kan opnast ut mot allrommet. To klassar har felles garderobe – den tredje klassen har garderobe og utgang på motsett side av trinnarealet. Dei minste elevane må ha noko å sitja på for å få på seg dressar og sko. Skåp er ikkje nødvendig. Hyller og knaggar og sitjeplassar er betre.

Skulen dreiv meir ope i starten enn i dag.

Det er behov for fleire grupperom. Eitt grupperom per klasse ville vore passeleg; d.v.s. tre grupperom til kvart trinn. Det trengst rom til norskopplæring for barn frå språklege minoritetar, spesialundervisning, til utviklingssamtaler med elevar og foreldre og til møterom for vaksne.

SFO er samlokalisert med skulen. Held til i allrommet. Sekken heng att i klasserommet.

Ikkje uproblematisk med sambruk, men for barna og foreldra fungerer det.


Over 80 % av elevane i 1.-3.klasse nyttar SFO (120-130 elevar).

Dagleg leiar i SFO er tilsett i 100 % stilling. Barnevernspedagog. Har eige kontor i administrasjonen.

Rundt skulen er det tilrettelagt store område til bruk for elevaktivitetar av mange slag.

Det er leikeareal tilrettelagt utanfor kvar paviljong – på begge sider, men også mange moglegheiter rundt heile skulen. Mange fotballbanar, anna leikeområde, skogområde, bål plass, mange sitjegrupper, 2 km skiløype oppkøyrte på jorde i tilknytning til skulen. Elevane er på ski kvar dag så lenge det er mogleg.

For barna er det kjempeflott å ha så stort uteområde med så mange moglegheiter.



Mellom bygga er det laga "gater" som skaper intimitet og "heime"-kjensle.

Tre inspeksjonsvakter + ei streifvakt. Barn med spesielle behov har eiga vakt i tillegg.

Heile anlegget ligg i ei helling slik at det er trapper mellom øverste og nederste nivå. Elevane brukar lite hovudinngangen fordi spesialromma har eigne inngangar som er tilgjengelege frå "hovudgata". Dermed blir det liten ferdsel lange gangar.

Det er bygd stor hall i forlenginga av administrasjonsbygget.

Park og idrettsavdelinga i kommunen eig og driv halla på kveldstid, i helger og i feriar.

Skulen leiger denne halla. Halla kan delast i to. Fire garderobar.

Det er sambruk av utstyr. Dette krev ein del av samarbeidspartane. Ikkje alltid at utstyret er der det skal vera når timen byrjar. Av og til kan utstyret vera øydelagt utan at det er meldt vidare. Av og til er det ikkje rydda på plass. Heile trinnet har kroppsøving samtidig.

Halla er utleigd frå kl.17.00 – 22.00 kvar kveld. Ikkje brukt til konsertar.

Dårleg ver 17.mai – brukar halla. Eiga tilsynsvakt har tilhald i inngangspartiet i kontor med glassveggar. Tilsynsvakta er ikkje involvert i skulen.

Skulen har ikkje symjebasseng. Køyrrer 5 km. 3.trinn har symjing. 5.trinn har litt.

Bomberommet er innreidd og tilrettelagt som forsamlingsal med toalett og kjøkken.

**GULLHAUG SKOLE,
Grindaberget 7, 1354 Bærum Verk
Bærum kommune**

Arkitektfirmaet Lille Frøen.

Starta bygging i 1999, ferdig 2000.

Rektor tilsett juni 1999.

Februar 2000 kom elevane.

To-parallell-skule. 340 elevar. 28 lærarar. 130 elevar i SFO. Assistentar i komb. m. skulen.

Mange barn med IOP.

127 mill kroner inklusiv idrettshall.

Skulen er organisert rundt administrasjonsbygget som også inneheld ein del spesialrom.

Skulen er bygd i tegl og sibirsk lerk.

Lurt med inngang på to plan når skulen er i to høgder – dersom det er mogleg å få til for terrenget rundt.

Administrasjonsavdeling med kvilerom og kontor for vaktmeister (2 dg/veka – kl.7-9).

I tilknytning til kvilerommet er det også plass for tilsynsvakta. Kontoret til tilsynsvakta burde vore ved inngangen og med glassveggar.

Stort møterom med faldedør mot personalrommet. Det er eit minus å måtte gå gjennom personalrommet for å koma til dette møterommet, men eit pluss at både personalrommet og møterommet kan utvidast ved å opne faldeveggen.

Lærararbeidsplassane er tilknytta personalrommet. Det er årleg rullering av arbeidsplassar – bestemt av administrasjonen.

28 kvinnelege lærarar. 2 garderober – dusj og toalett. For liten damegarderobe !!

Råd: Samle lærararbeidsplassane i nærleiken av personalrommet for å få til fellesskap og skuleutvikling.

Grunnidé: Klasserom samla rundt allrom som ”leilegheiter”.

Er veldig nøgd med løysinga skyvedør og glas mot allrommet (glasruter eller open dør). lærarane kan sjå alle, men det er likevel høve til å skjerme.

1	2	4
	3	

1.Klasserom med glas mot 2.Allrom med skyvedør mot 4.klasserom.
3.Grupeerom

Har sju grupperom – eitt for kvart trinn (eitt for to klassar). Dette er ikkje nok. Brukar kontoret til helsesøster og lege (Helseavdelinga), men dette er ikkje bra. Eige ”PPT-møterom” (med kontorarbeidsplass) for ulike møte knytta til spesialundervisning og tverretatlege møte.

Råd: Må ha nok plass. Ikkje laga romma for små. Elevane skal ikkje måtte sitja to og to. Det må vera plass til at dei kan sitja ein og ein. Veldig viktig å ha eit romprogram når ein planlegg nye skular: Kva for rom er det bruk for og kvar bør dei plasserast for å få optimal utnytting. Det er også viktig å passe på fleksibiliteten – å kunne gjera store rom små og små rom store etter behov.

Råd: Garderobeplassane til 1. og 2.klasse bør vera 50 cm breie. For dei høgare klassane kan dei vera smalare. 30 cm er absolutt minimum. Blir trongt. Lurt å ha eit par plassar til overs – litt å gå på.

Få gardiner. I tilfelle gardiner – alle like.

Vannboren varme.

Store gode vaskerenner.

Prosjektor i alle rom

Har valt bort smartboard p.g.a. tidsbruk til programmering.

Automatisk rørslestyrt lys over alt.

Råd: Unngå lause takplater. Held ikkje. Har kvitmåla, panelert rausta himling.

Var i utgangspunktet planlagt som tre-parallell grendeskule for 1.-4.klasse. Planane vart omgjorde. Dette førte til at nokre løysingar ikkje er optimale, t.d. naturfagrom og heimkunnskapsrommet er i 2.etasje. Burde vera i 1.etasje eller ha inngang frå bakkeplan for å vera lettare tilgjengeleg.

Heimkunnskapsrommet har alle 4 kjøkkena inn mot veggen etter kvarandre – ikkje inn og ut. Elevane kjem for nær kvarandre under arbeidet.

90 cm høgde på benken er for høgt. Elevane når ikkje opp.

Kjøkkenstolane er gode, gammaldagse taburettar. Veldig praktisk.

Stort kjølerom.

Formingsavdelinga har eigen inngang. Tekstilrom, formingsrom og sløyd heng saman – skilt åt med skåp/reolar.


Lasteluke/Hol i veggen inn til materialrom (var utegløymt – umogleg å få inn materialar).

Eige datarom, men for lite. Berre plass til halve klassar.

Biblioteket ligg ved hovudinngangen. Storskulen og småskulen har kvar sine inngangar.

Svært tilfreds med dette.

Musikkrom (3) med podium og ein faldeveggar i tilknytning til forsamlingsal med scene og garderobar samt kjøkken, garderobe og toalett.



I underetasjen:

1.Scene

2.Forsamlingsal

3.Musikkrom med podium i øverste venstre hjørne

4.Kjøkken

5.Garderobe og toalett

Råd: Byggja spesialrom i bakkeplan (1.etasje).

100 % sambruk med SFO.

SFO brukar allrom (40kvm) og kjøkken i tilknytning til allrommet (20 kvm). Om lag 40 barn i kvar slik eining.

Brukar mykje tid og krefter på å få til aktivitetar ute. Dans, karate o.a. blir arrangert i SFO-tida. Ein assistent tek med barna påaktivitetar. Foreldra betaler både for SFO-tida og for aktiviteten.

1.-4.klasse har uteskule ein gong per veke. Alltid på tvers av trinna.

Har steinamfi ute til framføringar. Vellukka. (under snøen no)

Skulen har skøytebane.

Betaler for oppkøyring av 3 km skiløype på tilliggjande jorde.

Råd: Sportsgolv er sårbart i storhall. Parkett kan brukast til alt.

Skulen blir stengd kl.21.30 om kvelden.

Tilsynsvakt fire kveldar i veka.

VESTSIDEN SKOLE, Grønstensgt. 1, 3920 Porsgrunn
--

Porsgrunn – 35 000 innbyggjarar – 19 skular.

Samanslåing til skule for 1.-10.klasse.

Skulen omfattar 9 200 m² inklusiv idrettshall.

Nybygg og ombygg av fleire bygningar, blant anna skule frå 50-talet. Eine bygningen 5 etasjar. Utvendig panel i furu – behandla/impregnert med sukker-alkohol-impregnering utvikla på Herøya. Innflytting 01.08.2006.

Jobba mykje med pedagogisk platt form og kulturell plattform før bygging. Reiste rundt og såg på mange skular og ”sjekka” pedagogiske plattformer.

35-36 arkitektur konkurrerte – heilt frå Tyskland. Kvernhuset skole i Fredrikstad har hatt same arkitekt.

Arkitekten intervjuar alle på førehand – alle fekk dermed høve til medverknad og påverknad på resultatet.

Kostnad

Ombygging og nybygging - 165 mill kroner.

1.utkastet var kalkulert til 185 mill kroner.

Politikarane syntest det vart for dyrt.

Omgjering av teikningar og planar så det passa med 150 mill kroner.

Under bygginga avdekka det seg ein del manglar som resultat av kutting i kostnad/plan. Det utløyste behov for tilleggslysingar – og tilleggslysving på 15 mill kroner.

Etter at skulen var teken i bruk, viste det seg at ytterlegare detaljar/løysingar som var kutta ut i det opprinnelege utkastet, likevel måtte på plass. Så det vil bli behov for ytterlegare 15, kanskje 20 mill kroner (prisane har gått opp).

Hadde 1.utkastet vorte ståande, hadde kommunen hatt same kostnaden, men dei beste løysingane. No har det måtta blitt fleire kompromiss og ikkje like bra.

Effekt av samanslåing:

- samarbeid på tvers av trinn/”skuleslag”
- større fagleg breidde
- større heilskapleg forståing for heile skuleløpet
- faggrupper omfattar 1.-10.trinn

Organisering

Ca 500 elevar, ca 20 % minoritetsspråklege.

Skulen har 42 enkeltvedtaksbarn (ca 10 %)

2 parallellar.

Baseorganisert skule. Fungerer ikkje optimalt for dei ynskte - for mykje støy og forstrande for konsentrasjonen..

Har prøvd å hjelpe på dette med å setje opp støyabsorberande veggar.

Det er framleis opne basar.

Fem basar:

1.+2.trinn

5.+6.trinn

9.+10.trinn

3.+4.trinn

7.+8.trinn (Vellukka. Lettar overgang til ungdomsskulen)

I tillegg til dei fem basane: ”Ventilen”*)

Arbeidsromma til lærarane er spreidde rundt på basane. Arbeidsrom 6 m² per lærar.
Porsgrunn har lokal arbeidstidsavtale. Rektor er romsleg når det gjeld lærarane si arbeidstid.
Oppgåver er viktigare enn minutt.

3 inspektørar + rektor = 72 timar administrasjonsressurs. (Gol skule har 48)

Rektors kontor er skulens mest tilgjengelege rom. Har vindaug ut mot trafikkareal for elevane. Lydisolert.

Rådgjevaren har skulens støste kontor.

Bibliotek med lesestol og peis (!).

Romsleg og god formingsavdeling.

Overbygd ”veranda”/utgang til utstilling/handverkartorg, torgaktivitetar og framvisningar.

Bordtennisbord under overbygget.

Oppmerka asfaltområde utanfor til trening for mopedkøyring.

Samarbeid med psykisk helse – brukar bl.a. formingsavdelinga til aktivitetstilbod for vaksne som treng litt ekstra.

Datalab som kan delast på midten med kjempestort leret.

Store og romslege lagerrom.

Romslege garderobar.

Har behov for fleire grupperom for å få større fleksibilitet i høve til tilpassa opplæring.

Helsesøster har eige kontor. Er på skulen 3 dagar per veke.

Skulen har LEGO-lab sponsa av arbeidslivet.

All varelevering skjer direkte utanfrå og inn. Vaktmeisterkontoret ligg på bakkenivå og har brei dør.

Vassboren varme. El-kjele og olje.

Lys styrt av sensorar. Programmert. Styrt ventilasjon

Rullestolgarasje med lademoglegheiter.

***) Ventilen**

- base for barn med utviklingsforstyringar. Fungerer svært bra. 10 års erfaring. Brukar litt frå ordinær ressurs i tillegg til ekstraressursane desse elevane har. Har selt plassar til andre skular/kommuner – 350 000 kroner per barn. Ikkje no lenger. Berre internprosjekt – for elevar frå Vestsidan.
- 3 pedagogar, 1 førskulelærar, 3 miljøarbeidarar
- Får betalt for ”å halde ut” (”gulrot”) – for å halde på kompetansen
- 12 plassar. No 10 elevar frå 1. til 10.trinn.
- Følgjer elevane opp også inn i vidaregåande skule
- Rettleiing av foreldre og besteforeldre

Kommunen har no bygt eige autismesenter for 4 elevar – avdeling på Borge skole.

Kantina

er i det ombygde symjebassenget med garderobar. Kan tilbakeførast til symjebasseng om ønskjeleg. Heimkunnskapsrom i tilknytning.

Dreiv kantine i starten. Kapasitet 100-120 stk. Sjølvfinansiert.

Såg fort at det ikkje gjekk.

Tilsette kokk i 50 % - brukte av pedagogtimane.

Heilprofesjonelt kjøkken, godkjent for kommersiell drift.

Leveringar til kantina, matvarer og mjølk, skjer direkte utanfrå. Ingen transport i gangar.

Barn 1.-4.trinn - på skift/i turnus – smør skulemat: frisk frukt, mjølk, jus, vatn, 6 påleggslag, diverse store tortillas eller baguettar. Elevane betalar mjølkepengar. Klyppekort. Elles friviljug betaling.

PORS driv kafe i kantina eit par dagar i veka.

Blackbox

I tidlegare gymsal.

Svarte flater. Speglar langs veggane. Svarte fortrekksгарdeiner utanpå speglane.

Spesialmåling på golvet kvart år for bl.a. danse. Profesjonell lys-rigg.

Kan brukast til dans og drama. Rullestativ med klappstolar – lett å ta fram ved behov.

Skriveplater likeså.

Kultur

Er det einaste kulturhuset Porsgrunn har. Kan ha 24 timars drift.

100 % kulturarbeidar med eige kontor på skulen, løna av Kultur, tverretatleg samarbeid.

Planlegg og samordnar all aktivitet utanom skulen.

Elevane kjem kl.08.00 og går gjene kl.20.00 : kulturskule, undervisning/skule og idrett.

35-åringar leiger banar og spelar fotball om natta.

Vakt på kveldstid. PORS tek seg av det mot godgjering.

Idrettshall

Idrettshalla har internasjonale mål som handballbane og kan delast i to med skiljevegg.

(Slike skiljevoggar er dyre: rektors kommentar.)

I garderobane kostbare materialar (flis) – det einaste som løner seg på sikt.

Betong og tre i idrettshalla. Parkettgolv.

Tribune til 250 personar.

Symjehalla er ombygd til kantine. Må køyre buss til leigd symjehall. Berre 1., 3., 6. og 9.trinn har symjing. Må kutte ut 1.klasse for å spare pengar frå hausten.

63 mål uteområde.

Fotballhall i Skien og Langesund.

Tydelege reglar

Konsekvente haldningar

Nulltoleranse for lue

Ingen mobil på

Ungdomsskuleelevar får etter søknad og underskrift frå forledre lov å forlate skulen, misbruk fører til inndraging av rett

Utearealet

(63 mål) er inndelt i naturlege soner med tilpassa aktivitetstilbod. Kunst integrert i utearealet som bl.a. aktivitetstilbod. Kirsebærskog og sitjestein. Oppvarma benk.

Notat

VEDLEGG 2

Oversikt over
tidlegare saker.

Også vedlegg til K-sak
86/08

Til :

Kopi til :

Frå : Astrid Myro Rust

Sak : VAL AV MODELL FOR GRUNNSKULEN I GOL

Saksnr./Arkivkode
08/2023 - 614 A20

Stad
GOL

Dato
03.10.2008

VAL AV MODELL FOR GRUNNSKULEN I GOL

